

Arkivnr: 2018/12091-15

Saksbehandlar: Hanne Espe

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 24.04.2019 |
| Fylkesutvalet | | 02.05.2019 |

Søknad om arrangementstilskot til Trond Mohn games 2019**Samandrag**

Søknadsfristen for arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale meisterskap for 2019 var 20. august 2018. Søknadane vart handsama som del av budsjettet i fylkestinget i desember i 2018.

Hordaland fylkeskommune mottok 12. mars 2019 ein søknad frå Trond Mohn games på Fana stadion den 22. mai 2019. Søknaden gjeld støtte til leige av "Stadion relatert utstyr", som er rekna til kr 150.000,-.

I Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, Premiss: Kultur, heiter det at «store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap skapar stort engasjementet, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet.»

I retningslinene for tilskotsordninga for arrangementstilskot heiter det: Idrettslag og særforbund kan søkje tilskot for store nasjonale og internasjonale meisterskap som skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknadar for næringslivet. Arrangement bør vise til god geografisk spreining av deltakarane, god rekruttering og opplæring av frivillige, nasjonal mediedekning og ringverknader for næringslivet.

I 2020 skal Fana IL i samarbeid med ein rekke friidrettsklubbar arrangere NM for seniorar. Fana stadion har vore arena for desse stevnene og anlegget har vore gjennom kontinuerleg oppgradering for å kunne vere hovudanlegg for nasjonale og internasjonale friidrettsstevner i Hordaland. Friidrettsmiljøet i Bergen har opparbeidd god kompetanse som arrangør av større stevner, og det har vore ein svært positiv utvikling særleg blant yngre utøvarar i Bergen og regionen. Fleire meisterskap og store friidrettsstevner vil difor kunne ha stor verdi både som inspirasjon og kompetansebygging, og som godt grunnlag for vidare rekruttering av barn og ungdom.

Arrangøren skriv;

«Arrangementet er eit ønskje om å få til eit internasjonalt stemne i Bergen også i 2019, etter markeringa i av Trond Mohn i fjor. Om lag 150 utøvarar kjem frå heile landet, og ein del internasjonale. Rekruttering av nye frivillige - opplæring gjennom møter og oppgåver under arrangementet. Det er ingen påmeldingsavgift. Dette er internasjonalt, basert på invitasjon. Kostnaden for arrangementet er på om lag kr. 2,5 mill. Bergen kommune har gitt signal på et dei skal vere med, men korleis og i kva størrelsesorden er ikkje avklart. Arrangementet har eiga nettside, eiga avis med 130.000 eksemplar. Facebook og storskjerm i Bergen Storsenter m.m. BA «streamar», og NRK-TV har vist interesse. Presse frå heile landet skriv. Store idrettsarrangement får stor merksemd. Det er viktig at Bergen har aktørar som kan og vil skape noko ekstra. Det kan gje ringverknader for næringsliv og anna. Trond Mohn Games blei sett på kartet i 2018. Det er ønskje å vidareføre i 2019.»

Økonomi: Tilskot vert løyvd frå Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto

Klima:

Folkehelse: Bidra til eit breitt kultur- og idrettstilbod. Kompetanseauke i kommunane og idretten i Hordaland (arrangementskompetanse). Aktivitet og trivsel i nærmiljøet.

Regional planstrategi: Gjennomføring av regional kulturplan.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver **kr 25.000,-** til gjennomføringa av Trond Mohn Games 2019. Tilskot vert tildelt frå Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto. Budsjettet vert endra slik:

Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto 10.720.200.00.14900 går ned med kr 25.000,-.

Konto for idrettsarrangement 10.400.410.00.14700 aukar med kr 25.000,-.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.